

PROTOKOLL FRÅ KONTROLLKOMITEMØTE I HELSE VEST RHF

Tid: Onsdag 22. mars 2006, kl 1800 – kl 2030

Stad: SAS Bryggen Hotell, Bergen

Møtet var ope for publikum og presse

Saker:

Sak	001/06 B	Protokoll frå møte i kontrollkomiteen 22.november 2005
Sak	002/06 B	Instruks for kontrollkomiteen - endring
Sak	003/06 B	Plan for kontrollkomiteen
Sak	004/06 B	Instruks for internrevisjonen
Sak	005/06 B	Plan for internrevisjon 2006, U.off. § 5
Sak	006/06 O	Internrevisjonsrapport 01/06
Sak	007/06 O	Årsregnskapet for Helse Vest 2005
Sak	008/06 O	Orientering frå internrevisor
Sak	009/06 O	Eventuelt

Deltakarar frå kontrollkomiteen:

Svein Andersen
Reidun Korsvoll
Helge Espelid

Deltakarar frå administrasjonen:

Viseadministrerende direktør Helge E. Bryne
Økonomi- og finansdirektør Per Karlsen
Konsernregnskapssjef Berit Bore
Internrevisor Gunnar Hoff (ref.)

I tillegg møtte Kjell Ove Røsok, Ernst & Young

Sak 01/06 B Protokoll frå møte i kontrollkomiteen 22.november 2005

Kommentarar:

Protokollen frå møte i komiteen 22.11.2005 er distribuert og godkjent via mail av den forrige komiteen.

Vedtak (samrøystes):

Kontrollkomiteen godkjende protokollen frå møte 22.11.2005.

Sak 02/06 B Instruks for kontrollkomiteen - endring

Kommentar:

Instruksen for kontrollkomiteen vart godkjend i styremøte 14. desember 2005, sak 121. I samband med endring, der kontrollkomiteen no kan veljast blant alle styremedlemmene, er punkt 3 i instruks for kontrollkomiteen justert i forhold til punkt 4.2.2 i protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest 24. januar 2006. I tillegg vart det innarbeidd eit nytt pkt. 8 Iverksetting, i instruksen.

Vedtak (samrøystes):

Kontrollkomiteen tilrår at styret godkjenner instruks for kontrollkomiteen.

Innstilling til styret (samrøystes):

Styret godkjenner instruks for kontrollkomiteen.

Sak 03/06 B Plan for kontrollkomiteen

Kommentar:

Som ein konsekvens av val på nye medlemmer til kontrollutvalet og at vilkåra for å kunne veljast vart endra, er planen oppdatert. Endringane er berre av redaksjonell karakter. Kontrollkomiteen vurderte også trongen for å gjera endringar i den oppsette møteplanen. Det var vedteke å flytta det planlagde møtet 2. mai til 19. juni.

Vedtak (samrøystes):

Kontrollkomiteen godkjenner endringane i planen.

Sak 04/06 B Instruks for internrevisjonen

Kommentar:

Instruks for kontrollkomiteen og internrevisjonen vart lagt fram for styret 27.10.2005 i sak 88/05. Styret ønskte å få innarbeidd nokre endringar i instruksen for kontrollutvalet. Instruksen vart difor lagt fram på nytt og godkjend i styremøte 14.

desember 2005, sak 121. Ved ein inkurie vart ikkje instruksen for internrevisjonen lagt fram i nemnde sak, og instruksen er såleis ikkje formelt godkjend av styret.

Ved handsaming av instruksen vart det drøfta kven som har mynde til å tinga oppdrag frå internrevisor. Dette går ikkje direkte fram av instruksen. Internrevisor skal gjennomføra oppgåver med utgangspunkt i ein årsplan godkjend av styret. Kontrollkomiteen vurderer det som viktig at administrasjonen på regionalt nivå og på føretaksnivå kan koma med innspel til internrevisor om oppgåver / prosjekt som dei ønskjer å få gjennomført. Internrevisor vil ta slike innspel opp med kontrollkomiteen, som må godkjenna eventuelle endringar i revisjonsplanen.

Vedtak (samrøystes):

Kontrollkomiteen godkjenner instruks for internrevisjonen.

Innstilling til styret (samrøystes):

Styret godkjenner instruks for internrevisjonen.

Sak 05/06 B
U.off. § 5

Plan for internrevisjon 2006

Kommentar:

Internrevisjonen har utarbeidd ein risikobasert plan og prioritert revisjonsaktivitetar som er forventet å gje styret større tryggleik i forhold til deira tilsynsansvar og betre innsyn i situasjonen på risikoutsette område. Vidare er siktemålet at dei planlagde prosjekta skal kunne nyttast som styringsverktøy i helseføretaksgruppa, og bidra til forbetring i organisasjonen.

Planen vil vera styrande for internrevisjonens aktivitetar i 2006, men revisjonsaktivitetar vil kunne omprioriterast dersom det oppstår hendingar som tilseier dette. Endringar i plan, eventuelt prioritering av nye oppgåver, skal godkjennast av kontrollkomiteen / styret.

Det er viktig at heile organisasjonen får informasjon og forståing for internrevisjonens funksjon og arbeidsoppgåver og kva nytte helseføretaka kan ha av arbeidet til internrevisjonen. Det var semje om gjennomføra tiltak for å auka kunnskapen om kontrollutvalet og internrevisjonen i helseføretaksgruppa.

Vedtak (samrøystes):

Kontrollkomiteen godkjenner plan for internrevisjon 2006

Innstilling til styret (samrøystes):

Styret godkjenner plan for internrevisjon 2006. Kontrollkomiteen får fullmakt til å godkjenna endringar i planen.

Sak 06/06 O Internrevisjonsrapport 01/06

Kommentar:

Internrevisjonen har utarbeidd ein rapport på oppdrag frå administrerende direktør i Helse Vest RHF. Rapporten er eit resultat av undersøkingar knytt til avtale om kjøp av laboratorieanalysar mellom Haukeland sjukehus og Stiftelsen B12 / Bevital AS. Rapporten er sendt over frå Helse Vest RHF til Helse Bergen HF for oppfølging.

Vedtak (samrøystes):

Kontrollkomiteen tek rapporten frå internrevisjonen og brevet frå Helse Vest RHF til orientering.

Sak 07/06 O Årsregnskapet for Helse Vest 2005

Kommentar:

Økonomidirektør, konsernregnskapssjef og ekstern revisor presenterte konsernrekneskapen for 2005, og kommenterte einskildpostar, rekneskapsprinsipp og vurderingar av internkontrollen på rekneskapsområdet.

Presentasjonen omfatta mellom anna ein gjennomgang av rekneskapsresultat og resultatmål opp mot budsjett, problemstillingar og vurderingar av meiravskrivingar, og årsresultatet i forhold til tidlegare statusrapportering og prognosar. Deretter vart vesentlege resultat og balansepostar kommentert mellom anna utviklinga i samla driftsinntekter, finanskostnader, skattekostnader og pensjonar.

Oversyn over internkontrollen på rekneskapsområdet syner ei gjennomgåande positiv utvikling og at internkontrollen er på eit tilfredsstillande nivå.

Vedtak (samrøystes):

Kontrollkomiteen tek informasjonen om årsrekneskapen for Helse Vest 2005 til orientering.

Sak 08/06 O Orientering frå internrevisor

Kommentar

Internrevisor orienterte om:

1. Nettverksamarbeid mellom internrevisorar i dei regionale helseføretaka. Nettverksgruppa er eit forum for utveksling av fagleg informasjon og for samarbeid over regiongrensene.
2. Internkontrollprosjektet i Helse Vest. Internrevisor informerte om si rolle som observatør i prosjektet. Gjennom denne rolla får revisor løpande innsyn i prosessen og kan bidra med faglege innspel. Internrevisor peika på den utfordringa som helseføretaka etter hans vurdering står overfor når det gjeld å etablera systematiske overvåkings- og oppfølgingsrutinar, og få på plass eit opplegg for vurdering av risiko i forhold til vesentlege mål i Helse Vest.

Vedtak:

Kontrollkomiteen tek orienteringa frå internrevisor til etterretning.

Sak 09/06 O Eventuelt

Kommentar

Det var ikkje meldt nokon saker under eventuelt.

Ref. Gunnar Hoff
Stavanger, 8. februar 2006

Svein Andersen
Leiar

Reidun Korsvoll

Helge Espelid